



NYTT UNDER STOREN 1-16

Internavis for Luster kommune

Gode medarbeidar.

Denne delen av kommuneåret er prega av å verte ferdig med oppsummering av fjordåret samtidig som me skal vere i godt inngrep med dagleg drift, forvaltning og utviklingsarbeid som me har fått som oppgåve for 2016.

Med litt tidleg påske så vart ikkje oppsummeringa av 2015 heilt avslutta innan då, men no ligg årsrapporten føre. Revisor er ferdig med sitt arbeid og dei siste rundane med politisk handsaming står for døra og vert avrunda med handsaming i kommunestyret 21.04.

Sjølv om me skriv litt om nokre hovudpunkt frå 2015 i denne utgåva av «Nytt under storen» så oppmodar eg om at de les litt i sjølve årsrapporten. Der finn du mykje informasjon om status og arbeidsoppgåver som opptek oss for tida.

Årsrapporten er ein viktig dialog mellom oss i drifta /administrasjonen og kommunestyret.

Litt mykje av årsrapporten er prega av om me nådde mål for året og om tiltak og endringar kom på plass som planlagt. Det kan slik sett fort bli at den daglege drifta og innsatsen der blir gløymt. Rådmannen finn absolutt grunn til å takka for god innsats. Så langt rådmann kan sjå så har me eit rimeleg godt arbeidsfellesskap som gjer masse godt arbeid i kommunekvardagen.



Jarle Skarv

Slik gjekk det i 2015:

2015 i Luster kommune er i det store og heile gjennomført som planlagt. Økonomisk resultat, resultat for tenester, forvaltningsarbeid og gjennomføring av særskilte tiltak i 2015 er bra samsvarande med budsjettet. Ser me på samla driftsinntekter mot driftsutgiftene i rekneskapet så har me eit overskot på 1,9 mill.kr. Det er dårlegare enn tidlegare og betyr at me faretruande nærmar oss nullresultat.

No er det slik at finansresultat, fond og reservar rettar opp dette litt, men me skulle hatt noko betre økonomisk resultat.

I tenestene er me bra flinke til å passa på pengane og me har brukt mindre enn i regulert budsjett. Dette syner god budsjett disiplin, at iverksette innsparingstiltak gjev effekt og så har me og fått god hjelp av at pensjonsutgiftene er blitt monaleg lågare enn budsjettet la opp til.

Som de veit så er kommuneøkonomien i Luster sterkt påverka av kraftinntektene og her går det den vegen «høna sparkar.» I sum er det nesten 5 mill.kr. lågare inntekter enn 2014 og nærare 12 mill.kr. lågare enn 2013. Her finn me grunnen til at den økonomiske utviklinga uroar oss. Når det gjeld investeringar så er ynskjelista lang og aktiviteten er høg med store tiltak som skal gjennomførast. No er det utviding av Hafslo barne- og ungdomsskule samt tilretteleggjing for bustadbygging som er dei dominerande tiltaka.

Å gjennomføre investeringane som ligg i økonomiplanen vert krevjande, men positivt og mogeleg dersom me greier balansere drifta på ein god måte framover.

Dei siste åra har me arbeidd fram ein del endringar og tilpassingar i drifta, utan dei større negative konsekvensane, som har hjelpt på budsjettbalansen. I 2015 så framstår overgang til sentralkjøken som det største prosjekt. Med god oppfølging så vil det tiltaket svara til forventningane på alle måtar både økonomisk og godt matstell.

Slike og andre prosjekt utfordrar endringsvilje og endringsevne. I 2015 har me arbeidd med slike prosjekt både innan pleie og omsorg og oppvekst. Når det gjeld samanslåing av skulane i Gaupne så greidde me ikkje å få til endrings-vilje og evne som gjorde det mogeleg å gå vidare med prosjektet. Rådmann beklagar dette. Utan at me greidde skapa serleg entusiasme for endring så har me lagt PP-tenesta vår inn i ei større interkommunal teneste. Dette vil og spare økonomiske ressursar og sikra ei fagleg god teneste framover.

Innan pleie og omsorg har me no lagt grunnlaget for omstillingsarbeid som endå betre enn i dag skal møta behova innan pleie og omsorg framover samtidig som me greier fjerne nokre strukturelle kostnader slik at me utnyttar ressursane endå betre.

Me har vedteke å ikkje delta i kommunestrukturarbeidet vidare, men utviklinga krev av oss at me står på med utviklings- og endringsarbeid for tenester og tilbod. Økonomien krev det og samfunnsutviklinga krev det.

Når det gjeld sakene og tiltaka elles frå 2015 så syner eg til omtalen som du finn i årsrapporten.

PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 01.01.2016 - 04.04.2016

Velkomen!

NAV Luster:

Linda Kristin Brunborg – Flyktningkonsulent
Geir Arne Kvam – Rådgjevar
Liv Endresen – Miljøterapeut flyktningtenesta

Teknisk drift:

Mette Alme – Reinholdar

Gamlestova barnehage:

Kathrine Vikøren Myhre - Fagarbeidar

Luster sjukeheimsteneste:

Susanne Hatlevoll – Hjelpepleiar

Luster heimeteneste:

Anne Britt Fredheim – Heimehjelp
Ilze Aboltina – Heimehjelp
Kristin Kronen - Sjukepleiar

Solvorn oppvekstsenter:

Eva Vibeke Tangen – Undervisningsstilling

Takk for innsatsen!

PPT:

Ellen Melheim – Logoped
Kari Alme – Rådgjevar
Bodil S. Brennesvik - Rådgjevar

Luster heimeteneste:

Ayan Awil Abdi – Heimehjelp
Berit Anny Nyheim – Hjelpepleiar

Fagbrev Dataelektronikarfaget


Varand Rebni Kjær var
18 og 19 januar oppe
til fagprøve i
Dataelektronikarfaget.

Resultatet på fagprøven
var Meget bestått, og
Varand mottok
fagbrevet under
utdelinga av fag- og
sveinebrev på Loen 1.
april.

Varand vil arbeide hos
oss på IKT avdelinga
fram til sumaren før
han tek til på skule att
til hausten



E-læring - Vi i kommunen:



Alle med kommunal e-post vil få tilgang til Vi i kommunen.
Første gang må du registrere deg som **Ny brukar**

Vi i kommunen er ein "startpakke" på til saman
12 e-læringskurs som er nyttige uavhengig av
kvar i kommunen du arbeider.
Målet er å sikre alle nyttilsette (og alle andre tilsette)
ein felles kompetanseplattform som bidreg til stolte og
trygge omdømmebyggarar for Luster kommune.

Dei nettbaserte kursa er supplert med temahefte og
oppgåvesett som ein overgang til ditt arbeidsområde,
din arbeidsplass og kva som er god praksis der.

Kursa er gruppert i tre kompetanseområde:

1. **Om kommunen** (Kommunen si rolle og oppgåver, Kommunal styring)
2. **Rettar og plikter** (Teieplikt, Innsynsrett, Habilitet, Arbeidsvilkår, Arbeidsmiljø og HMS, Varsling)
3. **Omdøme** (Verdiar og etisk praksis, God servicepraksis, Nettvett)

Lenkje til Vi i kommunen finn du i **LKK** og på
heimesida bak lenkja **For tilsette**

Brukarundersøking barnehage 2016

Svarprosenten i årets brukarundersøking barnehage
vart på berre 44 %.

Nedgangen er ein trend me har sett dei siste åra.

Svarprosent 2016: 44 %
Svarprosent 2014: 54 %
Svarprosent 2012: 67 %
Svarprosent 2010: 69 %

Samla snittresultat 2016 for barnehagane i Luster vart
på 5,1 (av 6).

Det er opp frå 4,9 som var snittresultatet i 2010, 2012
og 2014. Men det er uråd å seie om denne oppgangen
er heilt reell all den tid deltakinga i år var så låg.


Einingsleiarane vil som oppfølging ta ut ulike rapportar
for si eining og analysere resultatata og nytte det i
vidare utviklingsarbeid.

Dimensjon	Snitt Luster	Snitt Norge
Resultat for brukaren	5,1	5,1
Trivsel	5,2	5,2
Brukarmedverknad	4,9	4,8
Respektfull behandling	5,4	5,4
Tilgjengelegheit	5,1	5,4
Informasjon	5,0	4,8
Fysisk miljø	4,8	4,8
Heilskapsvurdering	5,2	5,2
Snitt totalt	5,1	5,1

KOMPETANSE / REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Måloppnåing - kommunale styringsmål 2015

Tenesteområde/ styringsmål	Nådde vi måla i 2015?		
	Ikkje heilt	Så godt som	Og vel så det
Økonomisk resultat - god økonomi	X		
Brutto driftsresultat; samla	X		
Brutto driftsresultat; Grunnskule, Teknisk drift, Næring/naturforvaltning	X		
Brutto driftsresultat; Politisk, Administrasjon, Sosial, Barnevern, Teknisk forvaltning, Brann, VAR, Kyrkje.		X	
Brutto driftsresultat; Barnehage, Kommunehelse, Pleie og omsorg, Kultur			X
Netto driftsresultat/mindreforbruk		X	
Budsjettkontroll-investeringar	X		
Sakshandsamingstider	X		
Klagesaker i forvaltninga m/omgjering			X
Tilsette – sjukefråvær		X	
Sjukeheimstenesta - sjukefråvær			X
Overtid, ekstrahjelp, vikarbruk	X		
Pleie og omsorg, brukarus			X
Sentralkjøken, omlegging			X
Grunnskulepoeng	X		
Grunnskulen, trivsel og motivasjon 7 og 10.kl.		X	
Grunnskulen, eksamen (10 kl)			X
KA-tilbodet			X
ATS - tilbod og resultat			X
Bruksutbygging landbruk			X



Gjennom årsrapporten prøver me å gje eit bilete av utvikling og resultat på viktige område. På dei ulike tenesteområda finn ein meir detaljerte vurderingar.

Tabellen syner både område rådmannen meiner det er viktig å ha fokus på og område som har utmerka seg i 2015.

Resultatvurderinga byggjer på målingar og rådmannen sitt beste skjønn.

[Årsrapporten 2015](#)

TRK - Tiltaksplan for rekruttering og kompetansutvikling 2016

Fireårig strategi – Strategi for rekruttering og kompetanseutvikling (SRK):

Fyrste året i kvar valperiode vedtek kommunestyret ein fireårig Strategi for rekruttering og kompetanseutvikling (SRK). SRK har i seg ein kompetanseanalyse og gjev overordna føringar for arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling. Den overordna strategien skal rullerast i løpet av 2016.

Årleg arbeid – Tiltaksplan for rekruttering og kompetanseutvikling (TRK):

Det årlege arbeidet for utarbeiding av TRK følger kommunen sitt årshjul – slik:

1. Einingsleiarane legg innan medio september inn ynskje om tiltak i sine tenesteplanar. Det skal i dette arbeidet takast omsyn til føringar i SRK.
2. I oktober/november vert alle innmelde tiltak vurdert på rådmannsnivå.
3. Innan utgangen av året vert det utarbeidd eit forslag til TRK som vert sendt einingane/einingsleiar til uttale.

Det vert lagt til grunn at tilsette/tilsette sine representantar kan koma med innspel på Einingsnivå. Dette gjeld både ved utarbeiding av eininga sin tenesteplan og eventuelt i høyringsrunden.

Samla fordeling av midlar 2016:

Tildelt til / tenesteområde	Sum
Overordna fellestiltak	95 000,-
Oppvekst	330 000,-
Pleie og omsorg	180 000,-
ATS	10 000,-
Helse	55 000,-
Teknisk, næring og naturforvaltning	65 000,-
Sosial	15 000,-
Sum totalt	750 000,-



For fleire detaljar om kva tiltak innanfor dei ulike tenesteområda midlane skal brukast på finn du i Tiltaksplan for rekruttering og kompetanseutvikling 2016. Nytt lenkje til tiltaksplanen under.

[Lenkje til tiltaksplanen i LKK](#)

ID: 4737-2		Luster kommune	
Vernerundeskjema - kladd			
Prosess	LKK - Luster kommune sitt kvalitetsystem / Felles / HMT(DA), Internkontroll / HMT	Dokumentkategori	Skjema
Gjeldend dato	Nul	Siste revisjon	29.03.2016
Endret dato	29.03.2016 (Trond Holge Eide)	Neste revisjonsdato	29.03.2017
Gyldighetsområde	Alle		

1. Orden, vedlikehold, reinhold, kjeldesortering			
1.1 Kvaliteten på reinholdet generelt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
1.2 Orden, slik at reinholdet kan utføres skikkelig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
1.3 Stov på opne flater	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
1.4 Leidningar på golvet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
1.5 Risiko for snubling	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
1.6 Rutinar for gjennomføring av kjeldesortering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
1.7 Forslag til eventuelle tiltak:			

2. Arbeidslokalar, inneklima, lys og støy			
2.1 Kvaliteten på arbeidslokalet generelt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.2 Lager/arkivplass	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.3 Toalett-/garderobeforhold	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.4 Tilrettelagt for funksjonshemma	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.5 Temperatur i lokalane	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2.6 Trekk i lokalane	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Vernerunde 2016

I følgje overordna årshjul skal vernerundane gjennomførast kvart år i perioden 1. april – 1. juni.

Ved gjennomføring av årets vernerundar skal nytt vernerundeskjema nyttast. Skjemaet er lagt inn i LKK.

Vernerundeskjemaet skal fyllast ut og lagrast elektronisk i LKK.

Dei årlege vernerundane er eit viktig kartleggingstiltak i kommunen sitt HMT arbeid. Det er under dette viktig med god oppfølging og tidleg førebyggjande innsats gjev best effekt.

Lukke til med årets gjennomføring !

 Vernerundeskjema - LKK

Kommunetrimmen



Gaupne barnehage har hatt høgt sjukefråvær dei siste åra, og ynskte tiltak på dette. I haust starta ny styrar, Anne Merethe Kvalsøren opp med trening etter arbeidstid for alle tilsette. Treninga er på Luster treningscenter.

Tilbodet er lagt opp slik at ein har ei spinningøkt fyrst, og ei styrkeøkt etterpå der fokus er på kjernemusklatur, mage/rygg, og bevegelse i rygg/skulder. Barnehagen klarar ikkje å fylle opp alle plassane sjølve, og inviterer difor kommunetilsette frå nærliggjande einingar til å delta.

Deltakinga har vore veldig bra, og ein god blanding frå fleire einingar. Barnehagen har fyrsterett på litt over halvparten av plassane. Den resterande kapasiteten blir ledig for andre kommunetilsette. Det har vore svært god respons på tilbodet. Og styrar ser på tiltaket som bra for både det fysiske og det sosiale miljøet i einingar og i kommunen.

Sidan det er eit HMT-tiltak får barnehagen støtte av kommunen til leige av sal, og barnehagen stiller med eigen instruktør. Det vil då sei at det blir eit gratis-tilbod til dei tilsette.

Treninga høver for alle. Både kvinner og menn; trente, middels trente og nybyrjarar. Timane er bygd opp slik at det kan tilpassast kvar enkelt.

Tiltaket er vidareført og er lagt inn i HMT-planen for 2016, noko dei tilsette er svært takksame for.



Årshjulstiltak 2016



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding
- Leiardialogen
- Brukarundersøking BHG

Igangsette tiltak:

- Vernerunde

Komande tiltak:

- Tertialrapport T1 (april)
- Vernerunde (april)
- Tenestepan (juni)

Aldersamansetjing og kjønnsfordeling i kommunen: (frå Årsrapporten 2015)

Alderstrinn	M	K
< 20	0	0
20 - 29	9	45
30 - 39	13	91
40 - 49	27	134
50 - 59	29	122
60 - 69	21	105
> 70	0	1
Totalt	99	498

Hovudtyngda tilsette ligg i alderen 40 – 59 år, men det er og ei høvesvis stor gruppe i alderen 60 – 69 år som er stigande i åra framover. Det er særleg innanfor yrkesgruppene hjelpepleiar/omsorgsarbeidar /assistent/heimhjelp det er forventa stor avgang, men også innan læraryrket.

 Årsrapporten 2015

